



Kommunal- og distriktsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Marit Lunde, 57 64 30 05

Stad kommune - innmelding i register for betinga godkjenning og kontroll

Statsforvaltaren gir med dette ei orientering om bakgrunnen for innmelding av Stad kommune i Robek-registeret.

Stad kommunestyre handsama og vedtok i sak 24/170, budsjett for 2025 og økonomiplan for 2025 – 2028. Økonomiplanen viser meirforbruk i åra 2026, 2027 og 2028, med følgjande summar: 2026: minus 46,7 mill. kr, 2027: minus 88,8 mill. kr, og 2028: minus 76,9 mill. kr.

Kommunelova § 28-1 regulerer når ein kommune skal meldast inn i Robek. Dette blir gjort etter bokstav b, når driftsdelen i økonomiplanen er vedteke med eit meirforbruk.

Med grunnlag i kommunelova § 28-1, bokstav b, blir Stad kommune meldt inn i Robek-registeret.

Overordna er bakgrunnen for det store meirforbruket i økonomiplanen at Stad kommune har lågt inntektsnivå samanlikna med mange andre kommunar, og ei relativt høg gjeldsgrad sett i høve til driftsinntektene. Auken i lånegjeld føregåande år har ført til at renter og avdrag no tek ein større del av kommunen sine inntekter, og det blir mindre til drift.

Den økonomiske situasjonen til Stad kommune har vore, og er svært krevjande. Kommunen har ei drift som kostar meir enn kommunen klarer å finansiere, utan bruk av disposisjonsfond. Utan omfattande tiltak som gir økonomisk gevinst, vil disposisjonsfondet vere brukt opp innan 2026.

Stad kommune har ikkje ein tiltaksplan for inndekking av meirforbruket no, men dette blir det jobba aktivt med framover. Sidan det er vedteke ein økonomiplan som ikkje er i budsjettbalanse, blir kommunen innmeldt i Robek.



Med helsing

Liv Signe Navarsete

Synnøve Stalheim
Kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:
Registreringsskjema for innmelding i Robek

Kopi til Stad kommune